

## Petrines Gjestgiveri frir til tyske gourmet-turistar med blåskimmelost og røykalaks.



Kirsti Indreeide ved Petrines Gjestgiveri synes det er kjekt å få velge på øverste hylle av gardsmat frå Møre og Romsdal, når ho får i oppdrag presentere norsk mat på Internationale Grüne Woche i Berlin for andre år på rad.

I fjor var det Spekevarer frå TIND og geiteprodukt frå "The Happy End - Norddal" som pryda utstillingsdisken. I år vert det lekke ostar frå Tingvollst og tradsidjonsrik røykalaks frå Sunnmøre Røykeri. Blåskimmelosten "Kraftkar" er kåra til Årets produkt i Møre og Romsdal 2008, og kom på ein heiderleg 2. plass i den nasjonale matkonkurransen "Det Norske Måltid". Den økologiske røykalaksen frå Sunnmøre Røykeri har Norsk Spesialitet-merke.

IGW er ei av verdas største matmesser og det er venta ca. 600 000 besøkande i dagane 16. - 25. januar. Deltakinga på IGW er Landbruks- og matdepartementet si viktigaste internasjonale satsing for å gjere norsk mat og Norge som reisemål kjent i Tyskland. Innovasjon Norge og Norge sin ambassade i Berlin er viktige samarbeids-partnarar.

### Smak av fjordnorge og verdsarv

Restauranten på den norske standen vert driven av entusiastiske kokkar frå Gastronomisk institutt. Laurdag 24. jan er det matrettar frå Petrines og Verdsarvområdet, "Geirangerfjorden med omland", som står på menyen. Vi får også nytte denne arenaen til å marknadsføre dei unike reisemåla våre i ord og bilete. Ove Skylstad frå Destinasjon Geirangerfjord-Trollstigen deltek også på messa saman med Fjord Norge. Norddal kommune har alt lagt eit godt grunnlag for god marknadsføring, med satsing på informasjon om Verdsarv og geoturisme i samband med IGW i fjor.

### Langsiktig merkevarebygging lokalt og nasjonalt

Vi veit at lokal mat og godt vertskap er viktige kriteriar for tyskerane sine val av reisemål. Det fekk vi også erfare lokalt i fjor då samtlige av dei tyske gourmet-journalistane som vitja området vårt i forkant av IGW, kvitterte med overbevisande artiklar i aviser, magasin og nettportalar.

I tillegg til dei den regionale merkevarebygginga, skal Petrines Gjestgiveri også i år vere med og marknadsføre Norsk Bygdeturisme og Gardsmat på nasjonalt nivå.

Neste veke vil internasjonale gourmet-journalistar på nytt vere på jakt etter gode matopplevingar, og det skal dei få!

Norddal, 5. jan 2009

Kirsti Indreeide, Petrines Gjestgiveri AS  
Mobil: +47 92 23 48 20

[www.roykalaks.no](http://www.roykalaks.no) [www.tingvollst.no](http://www.tingvollst.no) [www.dgt.no](http://www.dgt.no) [www.thehappyend.no](http://www.thehappyend.no) [www.petrines.com](http://www.petrines.com)